

Jensine Grønningsæter. ( jormor )

Foreldra til Jensine kom frå Geiranger. Faren heitte Jens Larson Møll, ( Møllsæter<sup>?</sup>) mora heitte Pernille Rasmusdotter ?

Dei kjøpte gardsbruk i Øvste-Rødal i Tafjord. Dei budde der ei tid, men seinare kjøpte dei vist eit bruk på Gjerde i Valldal.

Kva tid dette hende veit eg ikkje. Det me veit er at dei fekk 6 born.

Jensine var den yngste og var fødd i 1853.

Same året døde far hennar.

Det er vel då mest truleg at dei før 1853 var komne til Gjerde i Valldal.

Jensine hadde ei eldre syster som var gift med Karl Johan Vigen og bodde på Berge i Ytterdal.

I 1875 bodde Pernille Rasmusdotter Rødal hjå dottera på Berge og kalla seg då for Gjerde.

Jensine kom til Bergen på jormorskule og vart tilsett som jormor i Eidsdal - truleg i 1877.

Vart gift med lærar Rasmus Abels. Kirkhorn.

Dei fekk ein son i 1880 - men helsetilstanden var ikkje bra. Både mann og barn døydde i 1880.

Det vert fortalt at Jensine var ute i " jormorforetning " det fanst ikkje telefon den gongen og då ho kom heim var både mann og barnet døde. - Men ho måtte leve vidare.

I 1883 vart Jensine oppattgift med N.P.O. Grønningsæter. I 1884 vart hennar første barn i dette ekteskapet født.

I 1886 vart ho beden om å kome til Muldal til ei fødande kone.

Det var denne reisa som gjorde Jensine vidkjent i heile Norddal.

Tilhøva i Tafjord.

I kuldevinstrar er det vanleg at Tafjorden frys til.

Isen legg seg utover fjorden til Osvika og Fjørå.

Det er då ofte vanskeleg å fare på isen.

Dei brukte då å sete båten på ein lett sleda å går på skeiser og skuvar båten. Ðei reddar seg då oppi båten om isen ikkje er trygg. - Det er vel dette som vert kalla " meinis "

Det er sjeldan at isen legg seg på Dalsvika - forbi Valldal og ut til Ospahjellneset.

Men det hender - berre 2 gonger har det hendt i vårt århundred.

I 1920 låg isen på Dalsvika. 2 ungdomar drukna den gongen. Det har også hendt ein gong seinare, utan at det førte til ulukke den gongen.

Som før nemnt var det i 1886 Jensine vart beden om å kome til Muldal.

Dette var tidleg på året - som kunne vere ei vanskeleg tid for folk i Tafjordområdet.

I dette høve var istilhøva vanskelege. For å få jormor-hjelp var det vegen over Kalskaret.

Då tida kom reiste 2 mann frå Muldal ( dei måtte vere 2 mann ) over Kalskaret til Eidsdal for å hente jormor. Desse personane måtte vere so grunnkjend at dei kunne finne vegen også i nattmørket.

Det ville vere heilt uforsvarleg å sende berre 1 mann. Det vert fortalt at då dei kom til Relling lånte dei seg båt å rodde til Ytterdal.

Sjølv om dei var veltrena og gjekk so fort det var mogleg tok det omlag 6 timer.

N.P.O. Grønningsæter var ein klok og fjøllvant kar. Me trur at både han og Jensine var kjendt på vegen over Kalskaret og til Muldal og viste vel kor fårleg og slitsam ein slik tur (på denne årstid ) ville bli, dei måtte truleg rekne med å bruke 8 - 9 timer.

Me trur ikkje at N.P.O. ville at Jensine skulle reise denne gongen utan two sterke fjellvante karar var med til hjelp og losteneste.

På turen måtte dei ha med seg mat, drikke og klær - og sjølvsgå "jormorskriinet " som ikkje var noko behagleg rykkbør.

Me trur ikkje dei gjekk på ski - av mange grunnar. I 1880 åra var det ikkje so vanleg å gå på ski som det er i dag.

Dei vabba meir i snøen den gongen.

Skiutstyret var eit par ski med ei vidje-ve til tåband. Faste bindingar var ikkje vanleg før om lag 50 år seinare.

Ein passende lang bjørkastav høyrd med.

I bratt skogstereng var ikkje slikt utstyr særleg ynskjelegt.

Skulle dei ha ski med på turen over Kalskaret måtte dei bere dei meste delen av turen.

Det er lite truleg at sendebodet frå Muldal var serleg moa på å vende attende til Tafjord utan å få kvile.

Det mest trulege er at Jensine og hennar mann hadde tinga 2 fjellvandte karar til losteneste for Jensine over Kalskaret til Tafjord og når dei kom så langt sto 2 nye " losa " klar til å gå vidare til Muldal.

Men Jensine måtte ved eigen styrke og uthaldenheit greie turen.

Me som er kjend i området veit at det er både ei lang å slitsam reise, og vintersdag med snø og nattemørke vert det ekstra ille.

Rykte fortel at før Jensine kom til Muldal var ho so sliten og trøytt at dei måtte bere henne siste kneiken til gards.

Dette trur me er sannheita.

Det var ikkje telefon i Norddal i 1886, men postteneste  
Var visst kumen i gang.  
I slutten av 1880 åra var vegen til Mulldal karakterisert  
" som ei livsfårleg rås "

Det vert fortalt at då sendebodet frå Mulldal kom til  
Jensine vart ho litt i tvil om ho skulle reise.

Det vanlege var vel at jormora vart henta frå Valldal.  
Men Jensine kjende folket å tilhøva. Ho viste at same  
~~Xxxxxx~~ famelie hadde fått eit barn før som fekk kort  
levetid og ho tenkte at vis ho ikkje reiste til Mulldal  
no kunne det verte ei grav til på kyrkjegaren i Norddal  
til sumaren.

Døn tanken greidde ho ikkje leve med. Dermed bestemte ho  
seg for å reise til Mulldal.

At ho med same var litt i tvil - kunne ha samanheng  
med grensene for jormor-distriktet. Men ho var kjend  
i området og viste kva som " stod på spel "

Dette hende den tid dei henta jormora mange mil til  
den fødande kvinnen.

No til-dags er alt meir rasjonelt. No sender dei den  
fødande kvinnen mange mil til jormora.

Dette vert kalla rasjonell og positiv utvikling.

Dette var ein del av soga til Jensine Grønningsæter.  
Eg våga den påstanden at Jensine var den einaste  
jormora i Norges land som kunne greie den turen til  
Mulldal i 1886.

Barnet som vart fødd fekk namnet Jakop - og i sit  
vaksne liv budde han mykje i Ålesund.

Slik " losteneste " som her er nemnd var det ei  
kristenplikt og skikk og bruk at alle gav kvarandre  
utan å vente betaling.

N.P.O. Grønningsæter og Jensine fekk eit livslangt  
ekteskap.

Me - den yngre generasjon - hugsar ekteparet i høg  
alder - med kvitt hår - når dei gjekk tur etter vegen.

Det var vanleg at dei gjekk å leidde kvarandre i hendene.  
Eit vakkert minne for oss som hugsar dette.

Mai 1992  
GB.